

Kjære foreldre

Det knyter seg ulike tankar til om korleis foreldre skal oppdra det døypte barnet til eit liv i kristen tru. Kyrkja sine forventningar til foreldre og fadrar kom fram under dåpen: *"De skal be for barnet, læra det sjølv å be, og hjelpa det til å bruka Guds ord og ta del i Herrrens nattverd."* Dette høyrest gjerne krevjande ut, men du kan også sjå det om mål det er mogeleg og meiningsfullt å strekkje seg mot.

Saman med barnet ditt kan du bla i ei biletbok med bibelforteljingar. Då hjelper du barnet til å "bruka Guds ord". Det er heller ikkje vanskeleg å be saman med eit barn. Du kan synge ei av dei kjende kveldsbønene, eller du kan stryke barnet over hovudet medan du seier: *"Kjære Gud, takk for ... (namnet til barnet), takk for mamma/pappa, takk for ... (nemn slektingar og venner, dyr, leiker og ting som barnet er glad i). Velsign oss og vern oss mot alt vondt. Amen."*

Når barnet er blitt tre-fire år vil det ha glede av å vere med til gudsteneste. Kom gjerne i god tid slik at de kan gå fram og sjå på døypefonten. Gjennom musikken, bileta, orda og dei heilage handlingane blir barnet litt etter litt kjent med det som skjer. I gudstenesta får de oppleve både bøn, Guds ord og nattverd.

Det er inga aldersgrense lenger for å delta i nattverden. I dei fleste kyrkjene er vinen alkoholfri. Barnet kan ta imot brødet og dyppe det i begeret med vin. Kanskje borna fattar slike heilage handlingar betre enn oss vaksne? Små born kan vere med fram og bli velsigna av presten sjølv om dei ikkje tek imot brød og vin.

Vennleg helsing